

Stevne på Røneset i 2010-06-06

Eg vil ynskje alle velkomne hit til Røneset. Mitt navn er Odd Arne Rønes. Eg er fødd og oppvaksen her og er no eigar av garden. Fyrst vil eg nytte høvet til å gjere folk oppmerksom på dette sjeldne kulturlandskapet vi har på Furstranda. Gardane og husa er omtrent frå same tidsepoke, ca 100 til 150 år gamle, og alle er halde godt i hevd, slik at grenda framstår som nokså nær det ho eingong var. Naboskapet er også tattvare på, sjølv om vi bur på ulike stader i landet og avstanden mellom Røneset og Sandvika er 5 km. Det verkar som tidsjaget vi er fanga av i det daglige, er borte når ein kjem på Furstranda, vi har tid til ein god prat når vi treffest og kanskje hjelpe kvarandre. Spesielt vil eg nevne hjortejakta, som vi har på felles jaktområde. Fine jaktdager om hausten med påfølgande omgang med mat og prat rundt bålet, eller inne i velhaldne jaktbuer og gamle sel. Dette gir meg energi og avkobling frå det daglege jaget. Men det krev også at alle hjelper til når viltet er felt, og skal berast til gards, kortaste rås til næraste veg tar ca ein halv time.

Asgeir Kvernberg, som er leiar i Storfjordens venner, har bedt meg om å fortelje om historia, dagleglivet og hendingar i frå garden. Eg vil tru at det aldri har vore i nærheita av så mykje folk på denne garden tidligare.

Vil starte med å fortelje litt historie:

I følge bygdeboka er garden nevnt i protokollar frå 1606 og har antagligvis vore bebodd sidan det!

Mine fyrste forfedre som busette seg på garden var Lasse Lassesen Grov og Anne Rasmusdatter Grov, som kom frå Innvik og Stryn. Dei tok over garden i 1831 og sidan har deira etterkomarar eigd og dreve garden.

6. april 1884 skulle Ebbe Karolus Krogen, sonen Lars Petter, naboen Ole Martinussen Furstrand og svigeronen Ole Elias Olsen Løset til kyrkje på Sjøholt. Ute på fjorden kollsiglde dei og alle omkom. Kvinnfolka på garden, Elisabeth og dotra Lovise, såg kva som hende og rodde ut for å berge dei, men dei fann berre ei jakke. Då sat det att mor og dotter på garden, som enkjer og Ole Kristian på 2 år, son til Lovise og Ole Elias. Ein kan berre tenkje seg kva for tragedie det måtte vere for dei! Likevel klarte dei seg godt, sjølvom arbeidsmengda sikkert var svært stor for kvinnene.

Etter to år gifta Lovise seg med Peder Åkernes, han kom i frå Furhaugen lenger ute på Furstranda, men var fødd på Åkerneset. Han tok namnet etter garden, Rønes, som var vanleg i den tida. I dagleg tale blei han kalla Rønes-Pe. Han måtte vere ein arbeidsom mann ettersom han dyrka mykje mark og åker. Dreiv fiske frå Alnes om vinterane. I eit intervju fortel han om eit fiske som vi i dag vanskeleg kan tenkje oss, der dei kunne vere ute på fiskefelta opptil 14 dagar, og der overnatta dei i open båt. Han var også ein flinkbyggningsmann. I 1890 bygde han ny stove og i 1894 ny løe, som begge står her enno. Seinare bygde han også nytt sel på Jogardsstølen. Lovise var arbeidsom og hadde også ein stor del av gardsarbeidet, og dei fekk til saman 7 born. Det blei fortalt om Rønes-Pe at han i høytida hadde det så travelt at han hadde ikkje tid til å stoppe for å pisse. Dei slo fjellsidene med småljà og Pe likte dårleg dersom nokon sette igjen nokre grastustar, det kunne no vere ei tugge til nokon av buskapen. Rønes-Pe dreiv og med hestehandel og var med i kommunestyret i Ørskog, som Furstranda høyrde til fram til 1955. Skule bygde dei på dugnad i 1925 og veg opparbeide dei og sjølv, men fekk eit tilskot til å bygge bru over elva ved skulen. Brunstad-Magnus var mesteren for denne fine kolvingsbrua, som fortener eit besøk også idag. Det får ein til å tenkje på korleis det var mogleg med

dei beskjedne hjelpemiddel som fanst. I den tida var det vanlig at alle hadde pliktarbeid på vegane i kommunen. Furstrandingane søkte om å sleppe pliktarbeidet på andre sida av fjorden mot å bygge veg mellom gardane, men dette fekk dei avslag på.

Peder og Lovise fekk 6 born. Oluf var eldste sonen dei hadde i lag og han tok over garden i 1920. Då hadde han vore i Amerika i 13 år. Han arbeidde på sagbruk, dreiv fiske og var maskinist på ein båt som dreiv med pæling. Han kom heim igjen og gifte seg med Anna frå nabogarden i aust, Vinsnes eller Velta som blir sagt i dagleg tale. Oluf hadde med mange ideer frå Amerika. Blant anna kjøpte han motor til drift av ulike formål, som sag, vedhogger, truskemaskin og til pløging av åker. Han kjøpte også motorbåt, som blei brukt til fiske og som skyssbåt. Det var også han som bygde stabburet som no er brukt til bustad for son vår, Severin, og kjæresten Lene. Anna og Oluf fekk borna Peder og Lovise.

Under krigen var det tyske kanonstillingar på Tyssa, rett over fjorden for Furstranda. Gardane blei evakuerte når kanonene skulle prøveskyttast på mål i Sandvikhornet. Sjølv i dag kan ein finne deler av granatane i fjellsida. Under krigen blei det laga mykje ved på Røneseet og dei andre gardane. Dei måtte gjerne langt oppi fjellsidene for å hente bjørkestrongane, desse blei fira på løypestrenger ned til sjøen eller nært til garden. Det blei brukt krokar av stål og det gnistra godt av dette når ein fekk rette vekt og friksjon. I årstidene når dagane var korte og firinga blei gjord i skyminga, så viste dette så godt at det blei observert frå Tyssa, og dette førte ofte til inspeksjon av tyske vaktposter dagen etter.

Ein morgon under krigen fekk dei besøk av ein kar som var på rømjing. Denne karen viste seg å vere seinare minister og fylkesmann Olav Oksvik. Han var på Røneseet til det blei natt, då rodde Oluf og far min, Peder, inntil Lindsetvika på andre sida av fjorden, lenger aust. Dette har eg aldri høyrte snakk om, før eg og andre las i Sunnmørsposten ifjor, eit stykke om Oksvik si røming frå tyske soldater, men det sto ikkje noko om turen innom Røneseet. Det var då far min fortalde denne historia. Under krigen var det viktig å ikkje snakke om slikt som kunne medføre problem for andre eller seg sjølv.

Minnet eg har etter Oluf og Anna som døde i 1965, då eg var 7 år, er gode. Han var flink å fortelje om hendinger i gamle dager og tida han var i Amerika. Og han hadde ofte ei pose med brunesukker med bomullstråd i, på lur som vi fekk smake. Han brukt til daglig skjoldahue med blank skjerm, sjald i halsen, stramma med endane gjennom ein gullring og belte med tollekniv i slira. Anna var snill og vi fekk servert te med sukker og mjelk på det vesle kjøkkenet dei hadde på loftet. Når ho venta besøk laga ho salat av raspa gulrot og hakka kål, blanda med sjølv laga majones. Viss vi ungane var heldige kunne det bli nokre rester på ei brødslike som var avskora diagonalt.

Peder gifta seg med Margot i 1952 og dei busette seg på garden og fekk døtrene Marianne og Karin, til slutt kom eg som minstemann. Dei dreiv garden mest med geit, men også med kyr og gris. Far dreiv også fiske etter torsk, laks og hummar.

Sjølv om vi bodde to familliar, med besteforeldre på loftet, har det forundra meg at bestestova ikkje blei brukt anna enn i høgtider og når vi hadde gjester.

Eg bodde på Rønaset til 1967,då vi flytta til Aure. Eg var 10 år då. Har mange gode minne frå oppveksten. Huska godt når vi gjekk på skulen på Furstranda. Det var berre 12 veker om vinteren vi gjekk dit, 2-3 km på ubrøyt vegg i allslags ver, dette for å sleppe å fare sjøvegen til Ramstaddal som vi gjorde ellers i året. Eg som var yngst hadde fylgje av systrene mine, slik at vi var fleire om å trakke vegg både på ski og til fots. Det kunne vere nokså strevsamt i tider med ruskever og snø og det var mørkt om morgonen før det lysna. På vegen til skulen måtte vi gå forbi Yste-Jogarden. Der bodde Jogards-Ane og Alfred. Vi var litt redd for Jogards-Ane og brukte å gå stilt forbi huset her. Ho var sikkert snill og god, men ho hadde eit rykte om ho kunne finne på å skræme folk. Det hende at eg og søstrene mine var på besøk og fekk servert kake som ho hadde fått frå dotra som bodde i Danmark. Kaka var sikkert spart til store anledningar, for ho skar mygla av alle sidene av stykka vi fekk servert. Til drikke fekk vi kumjolk med ein skvett kaffi i, for mjelka var så kald. I Yste-Jogarden som ellers på Furstranda, var det utedo, til tørkepapir blei det brukt gamle telefonkatalogar. Det uvanlige som vi borna fann ut dei gjorde her i Yste-jogarden, var at brukt papir blei lagt i ei eiga kasse, dette gjorde dei for å kunne nytte det til gjødsel på bøane. Ein gong seinare hadde Jogards-Ane ein sjuk sau, ho ringde til far og skulle låne natron. Eg fekk oppdraget og gå ut til Ane med dette, ettersom ho var til års koma. Belønninga eg fekk var ei peppermynthe og nokre kamferdrops.

Læraren vår var Ingrid Korsedal. Ho blei seinare gift med Per Arne Vinsnes, førar av båten som hadde skuleskyss og levering av mjølk frå Furstranda til Ramstaddal. Det var nok på desse turane dei blei meir enn godt kjente. Vi var 8 elevar det året eg gjekk i første klasse, men hadde alt då vore med systrene mine på skulen fleire gonger tidligere år. Aldersforskjellen på lærer og dei eldste elevane var ikkje storog formell pedagogisk kompetanse var nok heller beskjedne. Men minnene frå tida på skulen her har nok festa seg bedre enn skuleåra seinare i livet, sett i relasjon til at det var kun nokre veker, det fyrste skuleåret eg gjekk der. Minner frå den tida er bla eit forslag frå Sigmund Bjørnevik om ein ny bokstav i alfabetet, dette var ein liggande j og skulle vere tegn for kj-lyd. I friminutta brukte vi å leike gøyme og leite, og det var moro å krype inn i mørkaste kjellaren, for dit torde ikkje lærarinna å gå inn. Når veret var dårlig, kunne det vere skøyteløp rundt langbordet på loftet. Mang ein heimestrikka ullragg fekk slitasje her, slik at vi heldt bestemor med arbeid med å stoppe hola.

Ellers i året var det å fare sjøvegen med båten til Ramstaddal, transporten frå kaia til skulen var i varerommet i ein varebil. Det hende at veret var så dårlig at vi måtte overnatte hos meir eller mindre tilfeldige ramstaddalingar som tok ansvar for oss og viste omsorg og så mykje omsut at eg fekk servert kokt egg til frokost på ein kvardag. Det var ikkje vanleg på Rønaset.

Det var urbant å kome til Ramstaddal som hadde landhandel, bilveg, rutebuss og 2-delt skule med fleire jamnaldrande ungar. Men som tilpassningsdyktig Furstrandling lærde vi fort at på butikken til O.A.J Løset etf. haddedei mykje godsaker, som Kip tyggegummi og leskedrikk i plastpose til henholdsvis 10 og 25 øre. Til lærar hadde vi Elias Reite som hadde slik respekt, at til og med kona hans, sa "herr Reite" når ho tiltala han. Han bruktegrå lagerfrakk til arbeidsantrekk.

Sumaren var ei fin tid med besøk av slekt og kjenningar på fleire av gardane, slik at ein fekk fleire nye venner og bekjente. Men det var også tid for slått med raking, hesjing, tørrhøy, trakking av høystål, med solbrente ryggar og kløe av tørrhøy. Fineversdagar med sol frå morgon til seint kveld, utrøne, god lukt av tjørebreidde båtar og andre gode lukter frå sjø og fjord. Spenning med laksefiske med kilenot, hummar-fiske med teiner, bading, båtliv, og roing på bårane av turistbåter. Jonsokfeiring

med samling av Furstrandingane til bålbrenning, medhappy-cola, brus kork med spikerhol i, zulukjeks og anna godteri. Grilling var ikkje noko kjent sommaraktivitet i dei dagar.

Hausten var tid for sanking av kje som var på beite ved Kyrkjesteinen, det var hausting av bær og frukter, safting og sylting. Turer på sætra og til Løsetvatnet med fiske etter kræ, plukking av blåbær og tytebær. Slakting og produksjon av kjøtvarer som mør, rull, blodpølser, spekekjøt og pinnekjøt. Jakt på hjort starta rundt 1960 og har vorte ei viktig årlig hending for Furstrandingane. Jakta er felles og utbytte blir også delt likt, uavhengig av størrelse på garden. Første tida var det nok ikkje mange dyr som blei felt, men det har auka på med hjortebestaden. Det viser også på avskytinga som no ligg på 7 til 10 dyr i året. Eg har vore med på jakt sidan eg var i tenåra og har vore med å opplevd mange fine jakthendingar, men også mange fine kveldar på Jogardsstølen der vi samlast unge og eldre til seriøse og mindre seriøse historier.

Vinteren var ei stillare tid, med det var gjerne vedhogst og bøting av garn som var karane sine aktiviteter. Kvinnfolka var mest opptatt av handarbeid, utover det vanlege gardsarbeidet. Alle var med på misjonsforeninga og dei hadde ein årlig basar til inntekt for dette formål. Det var spennande tider når dette blei arrangert på Rønaset, bestestova blei vaska og pynta. Eg hugsar fortsatt at eg vann eit par gryteklutar og ei lita rustfri ause, på den basaren. Det var ellers juleselskap, når ver og føre tillet dette.

Seinare på vinteren var det torskefisket på Ørskogvika som var ei viktig inntektskilde. Far hadde ein 23 fots trebåt med lugar framme. Båten blei brukt til blant anna torskefiske og ellers til transport av alle varer til å frå garden. Han tok også på seg skyssoppdrag og hadde oppdraget som vaktbåt når høgspenlinja over fjorden blei bygd tidlig på 1960 talet.

I 1967 blei det bestemt at familien vi skulle flytte til Aure. Far og mor hadde kjøpt hus i Skogvegen året før. Det blei for lang skuleveg når vi skulle byrje på ungdomskulen på Aure. Geitene blei selt til Hellesylt, husker godt lyden av den ensylindra motoren på frakkebåten som henta dei. Sjølv om det var vemodig å selje husdyra, så var det med forventning og spenning å flytte til byggefelt. Hus med bad og innedo, eige rom, vegar, kamerater, og mykje nytt og uoppdaga.

Etter vi flytta frå Rønaset har vi brukt mykje av feriar og fridager her. Eg er gift med Lindis, som og er svært glad i garden her og har gitt eit stort bidrag til vedlikehald og restaurering, og har spesielt auge for detaljar og bruk av gamalt utstyr og reiskap som har vore på garden. Vi har 3 gitarar som har vore her mykje i oppveksten og har sikkert mange minner her i frå.

Severin, som er ein av våre tre gitarar, har flytta til garden for ca fem år sidan. Oddgeir Bruaset laga ei fantastisk kontaktannonse i "Der ingen skulle tru at nokon kunne bu". Dette førte til overraskande stor pågang både frå media og damer. Det førte og til han fekk selskap av ei flott jente frå Rognan, "ei til å sverme med i lyse vårkveldar".

Når eg tenkjer tilbake, så var det eit fint og beskytta liv vi vaks opp i, der vi sette pris på dei små gledene og hendigar, sjølv om vi levde nokså nøysomt var vi likevel fornøgde. Dette i relasjon til dagenssamfunn der alle krev meir og meir, og sjølv om vi har det betre materielt enn nokon gongså er folk snar til å klage og vere misfornøgde.

Vegen som knytte Furstranda til resten av bygda, blei det aldri noko av. Det har ført til at bygda har endra seg lite siste 100-året. Dermed er eit flott kulturlandskap nokså godt bevart for ettertida. Det

er mitt håp at det også i framtida blir slik, utan store inngrep, som kraftlinjer, oppdrettsanlegg, vegar og bruer. Det er også ei utfordring for grunneigarane å gjere endringane som vi ynskjer, utan å ødelegge det originale særpreget på hus og tun. Vi vil gjerne ha litt bedre fasilitetar enn det som var for 100 år sidan, dette er viktig for at vår og seinare generasjonar skal bruke garden.

Egenskapane som kanskje var typiske for furstrandane var: sjølstendige, ydmyke, sjølvhjelpete, arbeidsome, nøysome og respekt for øvrigheita som lensmann, prest og doktor. Dette er nok blitt forandra sidan vi flytta og har tilpassa oss livet i meir urbane strom.

Eg håper at alle som er her og ser og høyrer dette, kan gjere det dei kan for å bevare dette området best mulig, utan nokre fleire inngrep som fører til at hurtigrutene og andre cruisebåtar må gå 400 m lenger ute ifjorden når dei skal fortelje om historia og om fastbuande på Røneset.

Til slutt vil eg takke Storfjordens venner for støtte og bevestiginga av kulturarven vi har her i Storfjorden, og alle som har hjulpet til med rydding og andre praktiske gjeremål. Alle som tok turen og ikkje minst til dei som orka å høyre på.

Røneset våren 2010

Odd Arne Rønes, grunneigar.